



H.S.D. POSTEN

MELDINGSBLAD

Nr. 7 og 8

Juli og august

16. Årg.

Uskedal.

«Benevigen» står det i skyldskiftebrevet av 26. september 1859. Det var Jens Arnesen Myklebust som kjøpte nausttuft med jordstykke til for å opna handel. Han kjøpte på nytt i 1868 for å utvida egedomen sin. Han selde garden Myklebust og gav seg ikkje om anna enn handel. Og så dampskipsekspedisjonen når den tid kom. Dei fyrste rutebåtar som gjekk i fjorden, fekk han til å gå oppunder, og ekspederte ved båt som vis var den gongen. Men alt i 1870-åra bygde han ei trebryggje, der båtane la til.

Då H.S.D. vart skipa, vart *Jens Arnesen* sett til ekspèditor. No er det fjerde ættleden som er knytt til selskapet i dette ombodet, i *Beinavikjo* som staden vert nemnd i bygdetalen.

Sonen *Ivar Arnesen* tok over handel og ekspedisjon i 1878. Det var ein mann med mange hugmål. Han var ordførar i Kvinnherad 1894-98 og mykje med i styr og stell i heradet. Hen fekk ein part av boksamlinga i heradet ført over til Uskedalen og både heldt hus og var bokutlånar. I denne tid var det fleire unge menn i dalen som fekk bok-hugen, mellom dei den kjende Sivert Kjærland. Han gjorde også opptak som skaffa arbeidslause og andre arbeid, og som gjorde sitt til at båtane fekk meir å gå etter. Såleis bygde han i 1895 ein hermetikkfabrikk, som han seinare selde til Endre Grønnestad i Stavanger. No er det Bergen Preserving Co. A/S som er eigar og Gunnar Flatebø styrar. Fabrikkjen gjev arbeid for inntil 120 personar. Dei kan pakka 3-400 skjepper brisling eller sild for dagen. Dei pakkar også frukt.

Sonen *Sigurd Arnesen*, fødd 4. juli 1878, var til hjelpes til. liks

med brørne sine i butikk og ekspedisjon. Då han kom i manndomsalderen, ville han som andre gjerne ha noko for seg sjølv. I 1908 skipa han Uskedal Sildolje og Fodermelfabrikk. Etter 8 års arbeid utvida han til langt større kapasitet. I sesongane kunne han ha inn-til 40 arbeidadar. Denne verksemd slutta han med i 1942.

Brøren Hugo Arnesen skipa også sildoljefabrikk som han dreiv i mange år, inntil han selde bygningane til hermetikkfabrikken, og dei er no nytta til lagerhus.

I 1920 skipa Sigurd Arnesen A/S Uskedal Handelsforretning og i samband med den bakeri, bensinstasjon og oljelager.

Her ved Beinavikjo skipa Jac. Haugland manufaktur- og landhandel.

Gullvik aluminiumbåtbygg finn ein også her. Sameleis ein avdeling av veveriet på Os som Sverre Arnesen styrer. Der er 12-15 arbeidadar.

Alle desse verksemdar og fleire med, dei har gjort sitt til ei stor varesending til Uskedal. Det store dalføre med sitt veldrivne jordbruk har både sendt varer og trungi varer. Uskedal vart såleis ein av dei større stoppestader. Det seier seg sjølv at Sigurd Arnesen har frå tid til anna utvida og omvølt dampbåtbyggja, til han i 1950-åra tok storvøling, murte på grunnen og sidan støypte i betong moderne bryggje som saman med den delen av trebryggja som var solid, gjev god arbeidsplass for ekspeditoren.

Hovudbygget er også modernisert. Det er 25 × 10 m i 3½ høgd. Varmeanlegget har automatisk oljefyring, som held alle rom i passende temperatur. Handelshuset er i 1. høgd, *telefon- og telegrafstasjonen* i 2. høgd, og sidan bustadrom. Telefonstasjon vart opna i 1910. I 1951 vart telegrafstasjonen flytt frå Herøysund og hit. Telegrafstyrar med stort personale skal halda greie på 52 understasjonar.

Uskedal postopneri har haldi hus her i Beinavikjo frå den tid det vart skipa postopneri. Jens Arnesen var postopnar frå 1870 til 1878, Ivar Arnesen frå 1878 til 1924, Ivar Arnesen jr. frå 1924 til 1926, og Sigurd Arnesen frå 1927 til 1948. Sidan har sonen, Jens Arnesen, vori postopnar, men postkontoret er ikkje i Beinavikjo lenger. Det er ved hovudvegen oppe på høgdedraget nærare inn til midstaden i bygda. I Sigurd Arnesen si postopnartid var det brøren Ivar Arnesen jr. som hadde postopnartenesta.

Sigurd Arnesen har vori pålita mann i bygda. Han har vori med i heradsstyre og formannskap. Han har også vori varamann til representantskapet i H.S.D. No er det sonen Jens Arnesen som fører husbondsordet i Beinavikjo. Han tok over i 1949.

Sigurd Arnesen og frue er å finna i ein villa oppe ved posthuset, i livd av store frukttre. Men dei står ikkje tettare, trea, enn dei kan fylgja med i ferdsla både på sjø og land, båt og bil. Og dei har utsyn til garden ned på neset, der føregangsmannen for fruktdyrking, lærar Jørg. Tunold, i det små dreiv planteskule. Han skulle fått høve til å sjå frukthagane i Uskedalen i dag!



° Ferjetrafikken aukar.

Talet på transporterte bilar i ferjerutene Kinsarvik–Kvanndal, Ulvik–Brimnes, Mundheim–Lofallstrand, Skånevik–Utåker, og med M/S «Sunnhordland», auka både i juni og juli i år samanlikna med i fjor. For juni månad i år var det samla talet for nemnde ruter 6 033 bilar, mot 5 135 i juni i fjor. Det er ein auke på 17.5 %. Det tilsvarande talet for juli i år var 16 243 bilar, mot 13 335 i juli i fjor, eller ein auke på 21.8 %.

Storparten av desse bilane har sjølvsagt gått med ferjeruta Kinsarvik–Kvanndal. I denne ruta var talet 4 499 bilar i juni i år, mot 3 989 i juni i fjor, eller ein auke på 12.8 %. Og i juli i år kom talet på transporterte bilar i denne ruta opp i 13 522. Tilsvarande tal i juli i fjor var 11 020, og auken er såleis 22.7 %.

Når det gjeld talet på bilar som vart frakta med ferjeruta Kinsarvik–Kvanndal i juli i år, kan vi nemna at trafikken både med sivile og militære deltakarar i Landskyttarstemna i Bergen gjorde nok sitt til ein del av auken.

Kvittering for løyst billett.

For passasjerar er det i mange høve turvande å ha prov for billett-pengane som dei har betalt. Slikt prov er t. d. aktuelt ved refusjon av reiseutgifter frå trygdekasse, som vedlegg til reiserekning o.s.fr. Dessutan er det aktuelt når ein tenestemann og kona eller borna hans betalar billett i eit tilfelle der dei ville ha fått fribillett om de hadde hatt høve til å søkja om det på førehand. Utan slikt prov kan dei ikkje få billett-pengane refunderte.

Då passasjerane må levera billettane frå seg når dei går i land, må styrmennene i framanfor nemnde høve skriva ut kvittering for løyst billett. Til det bruket har vi ein spesiell blankett (H.S.D. Blankett nr. 26), som båtane kan rekvirera frå hovudkontoret.

Vi gjer merksam på at desse blankettane må fyllast ut nøye. Ofte bryr ikkje styrmennene seg med å skriva passasjerens sitt namn på blanketten, og då er ikkje blanketten fullgod kvittering for passasjerens. Skriv derfor alltid fullt namn (både føre- og etternamn) på blanketten; og gjeld kvitteringa for løyst billett for fleire personar, så skriv talet på personar ved sidan av namnet (t. d. 2/1, 1½ o.l.).

På rutebilane våre får passasjerane ta med seg billettane. Derfor er det ikkje så ofte spørsmål etter kvittering for løyst billett her.

Nokre av bil-avdelingskontora våre har hatt eigne blankettar for omskrivne kvittering. Men H.S.D. Blankett nr. 26 kan også brukast på rutebilane, og avdelingskontora kan rekvirera blokker med denne blanketten frå hovudkontoret.



Gjennomgangsfrakt for frukt til Nord-Noreg.

No står vi framføre den tida då det er aktuelt med sending av frukt nordover. Vi skal derfor gje ei stutt orientering om slik sending.

Hurtigruteselskapa har meldt frå at både frakta nordover og ombordbringingspengane i Bergen, som har vori ubrigda i fleire år, er auka noko i år. Det same gjeld frakta med H.S.D., frå 11. mai i år.

Satsane for gjennomgangsfrakt som gjeld no, er nemnde i vårt rundskriv nr. 36/1957, som før er sendt ekspeditorane og båtane. Dei som ikkje har rundskrivet, kan få det frå H.S.D., fraktavdelinga.

I nemnde rundskriv er fraktsatsane delte i to grupper. Den eine gruppa gjeld fraktsatsar til stader som har stopp av hurtigruta (direkte stader). Den andre gruppa gjeld fraktsatsar til stader der sendinga må omladast frå hurtigruta til ei onnor rute for å koma fram til mottakarstaden (indirekte stader).

Fraktsatsane som er gjevne opp pr. kasse, er dei same for einskild kasse og for kasser i parti.

Ein kan ikkje senda frukt med verdet i etterkrav.

Til dei stadene som har stopp av hurtigruta (direkte stader) kan ein senda i ubetalt frakt. Då skal det ikkje nyttast kystrutekart, men vanlege kart. På fylgjesetel og kart skal då berre forast opp H.S.D.'s frakt (lokalfrakta). *Til indirekte stader kan ein berre senda i betalt gjennomgangsfrakt.* Sendingar med betalt gjennomgangsfrakt skal alltid forast på kystrutekart, anten det gjeld direkte eller indirekte stader.

Vert det sendt frukt til indirekte stader i ubetalt frakt, eller med frakt betalt berre til Bergen, vil ekspeditøren på sendarstaden verta debitert for kostnadene med vidareending og frakt nordover.

Kystrutekart er å få hjå styrmannen om bord i båtane våre og hjå H.S.D. si fraktavdeling i Bergen.

Utanom stader nord for Trondheim kan ein også senda frukt med gjennomgangsfrakt til Ålesund, Molde, Kristiansund og Trondheim.

Fraktavdelinga vår gjev nærare opplysningar til dei som måtte ynskja det.

Nye regler for transport av levende dyr.

Vi har flere ganger før skrevet om transport av levende dyr, og nevner spesielt stykkene «Transport av dyr» i H.S.D.-posten nr. 10/1954 og «Transport av dyr med bilrutene» i nr. 1 og 2/1956.

Den 19. oktober 1956 ga Landbruksdepartementet nye regler for transport av levende dyr. Den del av de nye reglene som har interesse for transport med våre båter og biler avviker ikke i vesentlig grad fra de tidligere reglene. Ved dette høve kommer vi derfor ikke inn på endringene og tilføyelsene, men nevner at de nye reglene er sendt til alle båtane og bilrutekontorene våre og til samtlige av våre skipsekspeditører.



M/F «Vikingen».

Tekniske data.

M/F «Vikingen» er en stor og vel utstyrt bilferje, med både langskips og tverrskips inn- og utkjøring av biler. Hoveddimensjonene er nevnte på arrangements-tegningen av ferja, som er tatt med i dette nummer av bladet.

Båten er bygget til klasse ✱ 1A1 i Det Norske Veritas, med isforsterkning, og etter skipskontrollens regler.

Passasjertallet er 350, og ferja kan ta om lag 30 vanlige personbiler.

Maskinrommet ligger akter. Hovedmotorene er 2 stk. 5-sylindret 2-takt Bergen Diesel, type DP5A, hver på 250 BHK, 450 o/m. Motorene driver hver sin 3-bladet vripropeller med hydraulisk reversering av BMV-Liaacns konstruksjon, type 40. Hjelpemotorene er 2 stk. Lister dieselmotor, type 3JPM, som hver er tilkopleet en 15 KW generator. Spylepumpe, kjølevannspumpe, kompressor, transferpumpe, hydroforanlegg og sentralvarmeanlegg er elektrisk drevet. Styremaskinen er elektrisk-hydraulisk av A/S Frydenbø Slip & mek. Verkstedts fabrikkat.

Midtskips er det senterdelte dobbelbunntanker for olje og ferskvann, og forut er det 2 vannballasttanker. I akterskipet er det enkel bunn.

Innredningen for offiserer og mannskap er under hoveddekket, forut. Det er 1- og 2-manns lugarer, alle med varmt og kaldt vann. Under hoveddekket, midtskips, er det en rommelig salong med om lag 75 sitteplasser for passasjerene, stor sters med kjøle- og smørbrøddisk, kaffetrakter osv.

Dekkshuset på hoveddekk ligger helt over på babord side og inneholder maskincasing, 2 W.C., billettkontor, postkontor og trappeganger. Det store bildekket er om lag 6,5 m bredt fra dekkshuset og over til styrbord side. Fri høyde over bildekket (hoveddekket) er over alt 3,8 m. Det er porter for ombord- og ilandkjøring både forut og akterut, samt på styrbord og babord side i forskipet. Alle disse portene er om lag 3 m brede.

Over maskinrommet er det to luker i hoveddekket som er store nok til at de største maskindelene kan tas opp.




Overbyggningsdekket, som er 22 m langt, er innebygget i vel halve lengden. Store vinduer i front og sidene gir god utsikt. Midtskips på overbyggningsdekket er maskincasing, toaletter, skap og en kiosk med kjøle- og smørbrøddisk for lettere servering.


På båtdekket er det bare styrehus og en lugar for kapteinen.

M/F «Vikingen» skal gjøre 11 knops fart med full bil-last. Som for nevnt, ble det oppnådd 11.67 knop på prøveturen.



M/F VIKINGEN





M. F. VIKINGEN

Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap

HOVEDDIMENSJONER:

Lengde over alt	41,9/0 m	Bredde på spant i hoveddekk	9,200 m
Lengde mellom p.p.	39,400 m	Dybde i riss til hoveddekk	3,500 m
Bredde utverdig fenderlister	9,417 m	Høyde hoveddekk - overbyggningsdekk	4,010 m

Hovedmotorer: 2 stk. 5-syl. 2-t. Bergen Diesel, type DPSA, 250 eHK, 450 o/m.
 Propeller: 2 stk. vripropeller m. hydraulisk reversering, 3-blid., BMV - Liaaen type 40.

Last	ca. 60 tonn
Passasjerer	350

A.s Bergens Mekaniske Verksteder
 Avd. Laksevåg

Nye styrmenn.

Før ei tid sidan tilsette styret i H.S.D. 9 nye 2. styrmenn. Desse er i alfabetisk rekkjefylgje:

<i>Sverre Brendeland,</i>	<i>Ingolf Rosendahl,</i>
<i>Arne Furuberg,</i>	<i>Klaus Rykkje,</i>
<i>Hjalmar Haavik,</i>	<i>Magne Solli og</i>
<i>Monrad Herberth Mathiesen,</i>	<i>Olav Soreide.</i>
<i>Gunvald Rabben,</i>	

Alle får same ansiennitet, frå 1. mai 1957.

Sverre Brendeland er fødd i Skånevik 3. september 1913 og har kystskippereksamen (1. kl.). Frå februar 1950 har han samanhengjande teneste som styrmann i H.S.D., men han har vori med selskapet sine båtar før den tid og, både som matros og styrmann.

Arne Furuberg er fødd i Kvinnherad 29. desember 1929. Han har styrmannseksamen og radar-kurs, og har vori styrmann her i selskapet frå desember 1954.

Hjalmar Haavik er også frå Kvinnherad. Han er fødd 25. mars 1919 og har kystskippereksamen (1. kl.), fiskerieksamen og kurs i radiotelefoni. Før han kom til H.S.D. som styrmann i juli 1954, hadde han vori bestmann og skipper både på fiske og i fraktfart langs kysten.

Monrad Herberth Mathiesen er fødd i Gulen 1. desember 1921. Han har kystskipper- og styrmannseksamen, kurs i radiotelefoni, gyro og radar, og hadde nokre års fartstid som styrmann i hurtigruta Bergen-Kirkenes og godsruta Oslo-Kirkenes då han tok til i H.S.D. i juni 1955.

Gunvald Rabben er frå Austevoll, og han er fødd 6. juni 1924. Han har kystskipper- og styrmannseksamen og radar-kurs, og har gjort teneste som styrmann her i selskapet frå mai 1951.

Ingolf Rosendahl er fødd i Bergen 27. desember 1918. Han har både styrmanns- og skipsførareksamen og handelskurs. Då han tok til i H.S.D. i juli 1955 hadde han om lag 2½ års fartstid som styrmann i utanriksfart.

Klaus Rykkje er frå Kvam og er fødd 19. mai 1915. Han har kystskippereksamen (1. kl.). Før han kom her i selskapet i juni 1950, hadde han gjort teneste i kystfart og hadde elles 2 års fartstid som vikarstyrmann i Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane.

Magne Solli er fødd i Fitjar 5. februar 1928, og har styrmannseksamen og kurs i bruk av gyro, radar og radiotelefoni. Dessutan har han handelskurs. Han hadde vori styrmann i utanriksfart og i Norsk Bjergningskompagni A/S i til saman om lag 2 år før han tok til i H.S.D. i mai 1955.



Olav Søreide er frå Kyrkjebø. Han er fødd 3. mars 1925 og har styrmannseksamen. Til H.S.D. kom han straks etter at han var ferdig med styrmannsskolen, men før den tid hadde han nokre års fartstid som dekksmann i utanriksfart.

Alle desse styrmennene har vori på fleire av båtane våre og i ymse av rutene — ja, nokre av dei har skifta sers mykje —, såleis at dei har fått bra farvatnsskjennskap i fartsdistriktet. Sverre Brendeland, Monrad Herbert Mathiesen og Ingolf Rosendahl har skifta minst. Sverre Brendeland har i fleire år gjort teneste på leigebåten M/S «Bergstø», Monrad Herberth Mathiesen har vori mykje nytta i ferjeruta Kinsarvik—Kvanndal, og Ingolf Rosendahl har for det meste vori på M/S «Stord».

Sending av levende dyr.

Landbruksdepartementet har fastsatt regler for transport av levende dyr. De tar sikte på å verne dyrene under transport, og er nevnte for her i bladet.

I dette stykket skal vi nevne litt om merkingen, følgebrevene og kartene ved sending av levende dyr.

Merkingen.

Merkingen av dyr som sendes er ofte dårlig og mangelfull. Ved transport skal levende dyr ha merkespil av tre. Vanlig merkelapp av kartong er jevngodt med ingen merking ved slik transport.

Merkespilen skal ha tydelig påskrift om sender, mottaker og mottakersted. Når det gjelder livdyr, skal det også stå på spilen.

På spilen skal en skrive med kopiblyant, men *før* en skriver på den, skal spilen fuktes. Da vil nemlig skriften ikke gå utover selv om det kommer væte til.

Når det gjelder sending av storfe, skal en foruten merkespil også bruke hårmerke. Hårmerke — helst forbokstavene til senderen — skal en sette bak på krysset.

Følgebrevene.

Utfyllingen av følgebrevene er også i mange tilfelle dårlig og mangelfull. Ofte går det ikke fram av følgebrevet om det er levende eller slaktet dyr som blir sendt. Det er t. eks. ikke nok å skrive «1 kalv». Av følgebrevet må det gå tydelig fram om det er en levende eller slaktet kalv som sendes. Videre nytter det t. eks. ikke å skrive «1 slakteku» når det gjelder en levende ku som blir sendt for å slaktes. Det blir gjerne forvekslet med «1 slaktet ku».

Når det gjelder sending av livdyr — det er dyr som ikke sendes for å slaktes, men t.eks. for omsetning — må det også gå tydelig fram av følgebrevet. I slike høve kan en t. eks. skrive «1 livku».

Gjelder det sending av storfe med hårmerke, skal hårmerket også stå på følgebrevet.



Kart over levende dyr til Bergen.

Ombord i båtene skal det skrives eget (ekstra) kart over levende dyr til Bergen. Ved ankomst til Bergen blir et eksemplar av dette kartet — gjennom vakthavende kaifor mann — levert til bilen som kjører levende dyr til slaktehuset.

På slaktehuset blir kartet brukt som grunnlag for mottagelsen av de levende dyrene, og for utlevering til de forskjellige mottakere der. Dyr som skal slaktes blir sendt til slakteavdelingen, og dyr som skal selges videre blir sendt til livdyravdelingen. Alt dette skjer på grunnlag av kartet. Derfor er det så viktig at følgebrevene er fullstendig utfylte, så styrmennene på grunnlag av disse kan skrive ut helt korrekte kart over levende dyr.

Ved utskrivningen av kart over levende dyr til Bergen må styrmennene være meget noyaktige. Vi gjør særlig merksam på at det av kartet skal gå tydelig fram hva slags dyr som blir sendt, t. eks. livdyr osv. Dessuten skal styrmennene kontrollere at det tall dyr som er ført på kartet stemmer med det tall dyr som båten har med.

Blir ekspederte dyr ikke sendt, skal de likevel fores på kartet, men med merknad om at de ikke er sendt e.l. Ved ettersending av levende dyr, skal også disse fores fullt ut på kartet, men med merknad om at de er ekspederte tidligere.

VI MINNER OM

— at det alltid skal skrives ut følgebrev for gods som ekspederes. Dette gjelder også for reisegods som ekspederes, t. eks. landliggergods og annet «overvektig» reisegods.

For uekspedert reisegods har selskapet ikke ansvar, og på alle båtletter har vi med en merknad om det. Når derimot reisegods ekspederes, kommer sendingen inn under selskapets vanlige regler for godstransport. Den såkalte «følgebrevs-kontrakt», som står på baksiden av alle våre følgebrev, er en del av disse regler. Ifølge denne kontrakten er selskapets ansvar for tapt eller skadet gods avgrenset, med hjemmel i sjofartsloven.

M. a. av omsyn til nevnte ansvarsavgrensing er det viktig at det skrives ut følgebrev for alt gods som ekspederes. Følgebrev

er et ledd i ekspederingen som ikke må mangle i noe tilfelle, enten ekspederingen foregår på en ekspedisjon i land eller ombord.

Det som er nevnt foran gjelder for sending med båt. For sending med rutebil gjelder egne regler. De skal vi komme tilbake til en annen gang.

ETTERLYSINGER.

H.S.D., Forstuvningsavdelingen i Bergen, har fått melding om at disse sendingene mangler:

1 kartong jermin med M/S «Bjoa» 26/2 d. å. til Valen Sjukehus, Valen, fra firma M. G. Riisøen, Bergen.

1 kolli soilrør, merket 60585, med M/S «Ulvik» 7/3 d. å. til J. Rutle, Lofthus, fra P. J. Kersbergen A/S, Bergen.



1 kasse rordeler, merket adresse, med M/S «Ulvik» 20/3 d. å. til P. J. Kersbergen A/s, Stavanger, fra L/L Hardangermaskin, Ytre Ålvik.

1 slipestein, merket O. T., med M/S «Bremnes» 11/4 d. å. til Ole Torvund, Fitjar, fra A/S Wallendahl & Son, Bergen.

1 kartong kjøttboller, merket G. H., med M/S «Ullensvang» 12/4 d. å. til G. Hjertager, Onarheim, fra A/S J. E. Mowinckel, Bergen.

1 sekk Titanhvitt, 25 kg, merket adresse, med D/S «Vikingen» 15/4 d. å. til K. Halstensen A/S, Bekkjarvik, fra N. Nilsen & Sonner, Haugesund.

1 kartong diverse, merket adresse, med M/S «Ullensvang» 29/4 d. å. til E. Sellevåg, Brun-tveit, fra Kyvik & Co., Hauge-sund.

1 lengde U-jern, 5,35 m, 45 kg, med M/S «Kvinnherad» 29/4 d. å. til B. Hannisdal, Dimmelsvik, fra firma Karl S. Johannessen, Bergen.

2 stk. kummelokk, med M/S «Kvinnherad» 2/5 d. å. til A/S Tyssefaldene, Tyssedal, fra Brø-drene Dahl A/S, Bergen.

1 pk. klosettsete, merket 73618, med D/S «Aalvik» 2/5 d. å. til Arild Johannessen, Ølensvåg, fra A/S Bergens Rørhandel, Bergen.

1 kartong jernvarer med M/S «Hordaland» 7/5 d. å. til Omvik-dalen Samyrkelag, Omvikdalen, fra J. Berstad A/S, Bergen.

2 kolli støpejernsrør, merket B. D. '4926, 2' × 1", med M/S «Stord» 8/5 d. å. til J. T. Alsåker, Utne, fra Brødrene Dahl A/S, Bergen.

1 bunt redskap med M/S «Ul-lensvang» 13/5 d. å. til G. Gud-dal, Rosendal, fra firma Konrad Kristoffersen, Stavanger.

1 kolli drikkekar, 7 kg, med D/S «Voringen» 20/5 d. å. til Elisa-beth Haukås, Varaldsoy, fra Niel-sens Foderforretning, Bergen.

1 pakke ljå, 2 kg, merket 514, med M/S «Ulvik» 7/6 d. å. til Brødr. Halleland, Etne, fra Bleie Ljåsmidja, Nå.

1 pakke laskeskruer med M/S «Ullensvang» 7/6 d. å. til Oskar Folkedal, Folkedal, fra O. M. Titlestad & Son, Bergen.

1 halvbend til høykanon med M/S «Ullensvang» 14/6 d. å. til Nils T. Torvik, Torvikbygd, fra Kullberg & Co. Maskinforret-ning A/S, Bergen.

1 pakke glass og 1 pakke deler med M/S «Sunnhordland» 29/6 d. å. til Sunnhordland Kraftlag, Matre, fra J. O. Jæger Automo-bil- & Maskinforretning, Bergen.

Sendingene har vært ettersøkt, men dessverre hittil uten resultat.

Vi tør be ekspeditørene og bå-tene undersøke så godt råd er, om sendingene er opplosset ukar-tert/umerket noe sted, eller om de er feil utlevert til annen mottaker.

Dersom noen har opplysninger å gi, ber vi om hurtig melding til H.S.D., Forstuvningsavdelingen, Bergen.



NY INNKJØPSSJEF FOR BILAVDELINGEN.

Sverre Aarnes er tilsatt som ny innkjøpssjef for bilavdelingen i H.S.D., etter *Arne Myklestad*. Han er 47 år og har en meget allsidig praksis i bilbransjen — m. a. er han utdannet bilmekaniker. De siste 14 år har *Sverre Aarnes* vært disponent for *Osterøy Bil-lag A/S*.

Den nye innkjøpssjefen vil ta over stillingen i HSD om kort tid.

FUNKSJONÆRNYTT.

Fra 2. mai er *Johannes Lille-land* påny tilsatt ved vår Stavanger Ekspedisjon, etter å ha vært tilsatt i Siviltforsvaret i vel et år.

Fra før har *Johannes Lille-land* over ti års tjenestetid ved Stavanger Ekspedisjon.

Kjell Riskild som har vært tilsatt ved Stavanger Ekspedisjon i et år er nå sluttet.

Ved H.S.D.-BILANE, Avdelingskontor Haugesund, er fru *Else Knudsen* sluttet 4. mai, etter over 10 års tjenestetid. I stillingen etter fru *Knudsen* er tilsatt fru *Asbjørg Boe*. Hun er født i *Skjold* 26. februar 1938 og har vikariert en del ved vårt Haugesund-kontor.

Ellers er ekspeditorene *Oluf Bjelland*, *Isak Fredsvik* og *Sigurd Haugland*, og lagermann *Holger Bakken*, sluttet ved H.S.D.-BILANE, Avdelingskontor Haugesund. De er fra 1. juni i år tilsatt ved Rutebilstasjonen, Godsavdelingen, Haugesund, som nå har fellesekspedisjonen for gods med alle bilrutene der.

Ved hovedkontoret har vi fra 16. juli fått en ny mann på forstuvningskontoret. Han heter *Trygve Einar Torgersen* og er født i *Bergen* 31. januar 1936. Han har 2-årig framholdsskole, handlingslinjen, og en del kontorpraksis.

EKSPEDITØRNYTT.

Jon Berstad tok over som ekspeditor i *Auklandshamn* frå 1. mai, etter *Sigurd Christensen*.

I *Utne* er *Gerhard Utne* slutta som ekspeditor p. g. a. sjukdom. Som ny ekspeditor for våre båt- og bilruter der er tilsett *Ragnvald Raaen*, frå 1. juni.

Ola Viskjer som var ekspeditor i *Eikemo* er flytt frå staden, og som ny ekspeditor der er tilsett *Ola O. Miljeteig*, frå 1. juni.

Johannes O. Utne slutta som ekspeditor i *Bagnstrond* 31. juli, og *Ragnvald Urdal* tok over frå 1. august.

PERSONALIA.

August :

Ekspeditor *Arne Haukeland*, *Romsa*, kan hogtida 75-årsdagen sin 13. august.

Den 5. august er ekspeditor *S. A. Fagerland*, *Liereid*, 65 år.

Sjåfør *Hjalmar Norheim*, H.S.D. BILANE, *Norheimsund*, er 50 år 1. august.

September :

Den 1. september er det 25 år sidan *T. G. Alvsaker* tok til som ekspeditor i *Vines*.

Sjåfør *Jorgen Vestrheim*, H.S.D. BILANE, *Ulvik*, kan hogtida 70-årsdagen sin 4. september.

Trafikkass. *Johannes Byrkjeland*, H.S.D. BILANE, *Norheimsund*, fyller 50 år 20. september.

